


# Slåtten skule

«Saman skal vi få med alle!»



## Dagens organisering

### Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	392	380	282	-110
Kapasitet	560			
Kapasitetsutnytting i prosent	70%	68%	50,4%	
Ledig kapasitet	168			
Gjennomsnittleg klassestorleik	20,6			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	14,6			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	16,6			
Barn i SFO	223 av 238 som utgjer 94%			

Vedlegg 12  
**Bemanning**

Lærarårsverk	29,6
Leiingsressurs årsverk	1,9
Snittalder	48
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Morsmåslærarar og miljøarbeidar.

**Økonomi**

Rekneskap 2022	kr 31 651 667
Budsjett 2023	kr 36 635 096
Rekneskap 2023	kr 37 133 148
Budsjett 23 utan SFO	kr 34 038 338
Rekneskap 23 utan SFO	kr 35 236 870
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr 89 890



**Tilbod og utvikling i krinsen**

Barnehage	Då Slåtten er ein sentrumsskule vil den få elevar frå ei rekke barnehagar.
Tilknyting til andre tenestetilbod	Har kort veg til dei fleste servicetilbod i Førde sentrum. Avstanden er slik at skulen nyttar skyss til symjeopplæringa, men har ikkje behov for skyss ved deltaking på enkeltarrangement/aktivitetar i sentrum.
Bustad og næring	Slåtten skule er «nærskule» til to viktige og store kompetansearbeidsplassar– Førde sentralsjukehus og Høgskulen i Vestland.

**Bygningsmessige forhold**

Byggjeår	1994 (1-4) og 2007 (7-steget)
Areal	5272
Teknisk stand /oppgradering behov	Det er observert betydeleg sig i bygningsmasse deler av bygg 3. BEF i gang med å kartlegge konsekvens. Vil halde fram med takutbetring. God bygningsteknisk tilstand. Har likevel behov for overflatebehandling i store deler av bygget (30år). Toalett og skulekjøkken bør vurderast. Det er nytt tak på bygg 1-4. Etablerer solceller i løpet av 2024.

**Andre forhold**

Avstand Førde sentrum	3,1 km
Avstand til Førde barneskule	2,5 km
Forhold ved skulevegen	53 elevar har skuleskyss, 5 på grunn av kommunale vedtak.
Særeigne forhold ved skulen	Skulen har eigen Støl, Legestølen. Uteområde på 34 mål, godt tilrettelagt for aktivitet.



## Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

### Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- Eit engasjert pedagogisk personale med tydeleg elev- og læringsfokus.
- Godt utviklingsarbeid
- Godt samarbeid på trinn-team og eit særskilt spesialpedagogisk team.
- Varierte og engasjerande aktivitetar ved SFO.

Forbetringssområde

- Ynskje om fleire tilsette med spisskompetanse i praktisk-estetiske fag, særleg musikk.
- Behov for fleire pedagogar som kan handtere begynnaropplæring og undervise i 1.-7. klasse (dei fleste nyutdanna er utdanna for 5.-10.).
- Eit ønske om meir tid per elev, inkludert ressursar til klasseinndeling og tolærarsystem.
- Meir oppdatert læremateriell.
- Symjeundervisninga bør forsterkast med meir tid i bassenget for elevane.

### Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Utmerka uteområde som fremmer leik og læring. Eigen støl.
- Delingskultur mellom lærarane og godt samarbeid mellom leiing, pedagogar og andre tilsette.
- Gode foreldresamarbeid og kulturbygging gjennom arrangement som Slåttenveka.

Forbetringssområder

- Utfordringar relatert til psykisk helse og sosial inkludering krev auka merksemrd.
- Gruppestorleiken påverkar undervisningskvaliteten, og mindre klasser for yngre elevar er ønskeleg.

### Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen er ein sentral institusjon i lokalsamfunnet med brei bruk utover skuletida.
- God dugnadsånd og aktivitetar som styrker samhaldet i lokalmiljøet.

Forbetringssområder

- Potensial for å ytterlegare styrke samarbeidet med lokale lag, organisasjonar og næringsliv.
- Ev. strukturendringar kan føre til større press på bustadmarknaden i Slåtten skulekrins.

### Andre innspel

- Gjer gode strukturgrep som er basert på faglege gode tankar og barnas beste, unngå ostehøvelprinsippet.



## Prosjektgruppa si oppsummering

### No-situasjonen

Slåtten skule står fram som ein skule med ein solid pedagogisk grunnmur. Det er eit sterkt pedagogisk personale med eit tydeleg fokus på elevane sitt læringsmiljø, både fagleg og sosialt. Samarbeid på tvers av trinn og spesialpedagogisk team bidrar til dette.

SFO-tilbodet er variert og engasjerande. Elevtala synes å vere stabile, og kapasiteten er godt utnytta. Det er god dekning av lærarårsverk, og dei tilsette er villige til etter- og vidareutdanning.

Likevel, det er ønske om fleire tilsette med spisskompetanse, særleg innan musikk og for betre handtering av begynnaropplæring.

Økonomisk har skulen hatt ein stabil rekneskap, men med ein mindre auke i budsjettet for dei komande åra. Det ligg eit potensial for oppgradering av skulekjøkken, toalett, og kunst- og handverksrom, samt behov for generelt vedlikehald.

Skulen er ein nøkkelinstitusjon i lokalsamfunnet og engasjerer seg i samarbeid med lokale lag og organisasjoner.

### Kva kan dette bety for skulen i framtida

#### Pedagogisk

- Det pedagogiske personalet og den spesialpedagogiske kompetansen styrkar det totale tilbodet og sikrar eit godt opplæringstilbod. Utfordringar i rekruttering av kvalifisert personell, spesielt for begynnaropplæring, krev aukande merksemd og kan påverke den pedagogiske kvaliteten i framtida.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Slåtten skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

#### Organisering

- Dagens organisering av skulen får ros for faste rutinar og teamorganisering, men det kan vere behov for å forbetre samarbeidet på tvers av team og for større prosjektarbeid.
- Mindre gruppestorleikar, særleg for yngre elevar, vil også vere gunstig.

#### Lokalsamfunn (Struktur)

- Strukturelle endringar som kringsgrenseendringar kan påverke elevtala og busetnaden i området. For å minimere negative påverknader av slike endringar, må det investerast i bygningsmassen og vedlikehaldet.
- Styrking av spesialpedagogisk team kan vere eit tiltak for å halde ved like kvaliteten på undervisninga.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på (Lenke til websak-postlista)

